



Mellombelskrystallar, - rimfrost på stein.

REDAKSJONELT

Ein morgen i oktober hadde steinen oppe på utan-dørskaffebordet fått krystallar. Gjennom natta hadde dei, nydanna fine og kvite nålene strekt seg ut i universet. Ved middagsleite hadde dei gjeve tapt for ei kraftlaus, men ikkje heilt dau sol. - Italia, Roma, Vesuv og Pompeii, tenkte vi, og for i veg dit. Komen attende, var det ikkje berre steinen som var kvit, men det meste. Det er no slik det er på desse kantar av verda, - godt det og. Men for dei som ikkje har tilgjenge til gruver, holer eller bratte snølause skrentar kan det verta kjeisame tunge stunder vinteren igjennom.

Men, kjære lesar, berginga er her: Oversynet på alle artiklar skrive i NAGS-nytt/STEIN ligg nø klåre, på boks, NAGS sin boks eller servar adr.: www.nags.net. Då kan han jamvel koma i boksen din, - ikkje sant? Og det er mykje:

Alle artiklar frå 1973 til og med siste utgåva 3-2004 er lagt inn. Det gjer at om du undrast på innhaldet kan du berre klikka av på årstallet. Opp kjem det på augneblinken. Noko anna du har høve til om du ynskjer det, er å søke artiklar på forfattar.

Kor mykje og om kva og når dei har skrive. Til dømes Steingrim Nuten. Er nå det ein produktiv kar? Nå, det var yel sånn passe, syner indeksen. Han må vera ein

slags reserve denne karen, vil du truleg tenkje, ein som tas i bruk når redaktören er ute og reker, er indisponert eller har eit ynskje om aterhald av noko slag.

Dette var gildt for redaktören og, vil eg tru. Nå kan han gjere reie for kven som skreiv, - når og om kva. Ja, - eg har sjølv sett han med det tomme uttrykket han set opp når han vert svar skuldig. Sanninga er at han ikkje har ei aning, 2003 eller 1993 det går i eit, men han trur alltid noko, og svarar som om han er i nærleiken av å ha løyst livsgåta. Han trur. No får han veta,

- på tide det!

Og kjære Knut Edvard, leiar i NAGS. Du har verkeleg gjort eit karstykke, - eg kan ikkje skjøna anna. Eg skreiv det heile ut, og dermed sat eg med 132 sider i handa.

Dei skal bokbinderen få, og så vert det eit fint hefte som eg veit skal brukast. Og det beste kjem snart: "Søk etter emne". Det vert prikken over i-en.

På vegne av STEINredaksjonen, Norske amatørgeologers sammenslutning og heile steinmiljøet: Takk skal du ha! Den beste julegåva vi kunne få.

Og så ynskjer vi kvarandre eit riktig godt nytt steinår 2005.

Om det er slik at korkje du eller grannen eller venen har tilgjenge til nettet, kan du skriva til oss. Vi gjer arbeide for deg for 300 kroner, og så får du dette i posten.

Etter å ha gått igjennom indeksen oppdagar du kanskje nokre blad du vil ha tak i., her finnster mykje god lesning. Hugs då at det meste frå 1981 til i dag finnes på lager hos Solør og Odal geologiforening. Dei koster nesten ingen ting. Korleis du går fram finn du på side 35. Lukke til!

Helsing frå Steingrim Nuten.

Artikkelforfattar	Artikkeltittel	År
Knut Edvard	Stein og vinteren	1994
Finn Arne	Stein og vinteren	1994
Steingrim Nuten	Stein og vinteren	1994
Steingrim Nuten	Stein og vinteren	1973
Steingrim Nuten	Stein og vinteren	2004